

Ny struktur og strategi



Innleiing.

Dette er ei forkorta utgåve av arbeidet til prosessgruppa i ImF – Sunnmøre. For bakgrunn, mandat og målsetting med arbeidet viser vi til hovuddokumentet. Den tar for seg utviklinga og no situasjonen i krinsen, og er bakgrunnsmateriale for det som vert konkretisert i dette dokumentet. Den syner vegen fram til den prosessen som gruppa ser for seg vidare, som dette dokumentet vil prøve kortfatta å framstille.

Utviklinga viser at skal det vere eit levande indremisjonsarbeid på Sunnmøre dei neste tiåra må ein organisere seg annleis. Organiseringa i seg sjølv sikrar ikkje åndeleg liv, men det kan leggje grunnlag for vekst på ein betre måte enn kva som er tiffelle no, mange stader.

Bevaringspunkt.

Gruppa har brukt tid på å kartlegge kva som er uforanderleg eller umisseleg, og kva svakheiter som pregar vårt misjonsarbeid.

Det vi ser som våre styrker har vore:

- Bibeltruskap og bibeltillit
- Tydelege leiarar med utrustning, vågemot og gjennomføringskraft. Dei hadde evne til å skape begeistring og fekk folket med seg.
- ImF-Sunnmøre er i dag ein organisasjon som er eit uttrykk for at folket har sett moglegheiter og satsa i rett tid.

Dei svakheiter vi har avdekkja:

- Har satsa for breitt
- Manglar berekraft og fornying
- Manglande endringsvilje
- Manglande leiartrening

Konklusjon: “ Vi er ein stor organisasjon, men ei lita rørsle. Det meste av ressursane går med til vedlikehald av eksisterande arbeid. Vi når ikkje vår samtid med evangeliet slik at dei vert frelst.”


I vårt forslag til endring av struktur er der element vi ikkje må miste av syne i prosessen:

- Barne- , ungdoms-, og familiearbeid
- Bibelfokus og bibeltruskap
- Diakoni
- Medvandring/disippel - og leiartrening
- Vi må nå dei ufrelste

Dette ligg i botnen når vi lanserer følgjande modell for ein struktur i organisasjonen.

Vi ser for oss ein modell som består av kraftsenter og satellittar. Sentralisert og desentralisert arbeid. Altså at ein bygger opp, eller utnyttar allereie eksisterande forsamlingar, der ein i stor grad har møte kvar søndag, og tilbod til alle aldersgrupper og livssituasjonar. Eit slikt kraftsenter bør altså ha eit fullverdig tilbod med det ein tenkjer ei lokal kyrkje skal ha.

Gudsteneste, bibelgrupper, barnearbeid, ungdomsarbeid, dåp og konfirmasjon. Samt tilbod om gravferd.



Pilotprosjekt

Biletet over syner 2 *kraftsenter*/forsamlingar med sine satellittar, det er Berge og Brattvåg. Som *pilotprosjekt* foreslår ein å prøve ut dette over ein 5 års

periode. Disse sentra vil få tilført ressursar i form av tilsette som vil hjelpe til med å kome i gang med dette arbeidet. Instruksar og avgrensingar i oppgåver vil krinsen utarbeide i samarbeid med det desse 2 forsamlingane. Detaljar rundt dette må kome på eit seinare tidspunkt.

I strukturen ligg det at dei store får eit oppdrag og ansvar for å hjelpe dei mindre forsamlingane/bedehusa. Altså at dei som har ressursar til det ikkje berre brukar det internt i eiga forsamling, men får ei oppmoding om å hjelpe til med å bygge opp eit arbeid i dei mindre bedehusa som kanskje ikkje har så store ressursar. Men dei mindre bedehusa er også ressurs, til dømes med å vere tenestegrupper som førebur storsamlinga/gudsteneste søndag. På den måten ser prosessgruppa for seg at ein på sikt kan håpe på at ein igjen kan snakke om at bygdene og tettstadane våre er sterkt påverka av frimodige og brennande kristne.

Dei lokale bedehusa vil fortsett vere mest tenlege i høve til barne – ungdomsarbeid, og bibelgrupper og andre liknande fellesskapsamlingar.

Når eit kraftsenter har byria å fungere er det viktig å skape ein kultur for disippelskap. Då vil dette kraftsenteret vere ein ressurs tilbake til dei mindre fellesskapa. Det kan vere aktuelt å revitalisere eller plante nye fellesskap rundt i bygdene på Sunnmøre. *(Indre)misjon må med andre ord i større grad skje ut ifrå dei lokale bedehusa i framtida.*

Krinskontoret vert *ressurssenter*. I bilete under ser ein kva ressursenteret/krinskontoret sine hovudoppgåver vert fokusert rundt framover.



Endringsprosessen

Ein endringsprosess har ulike fasar. Dette er faktorar som er uavhengig av organisasjon. Og kan beskrivast slik:



Prosessgruppa har brukt mykje tid på analyse. Og vi håpar på at vi no er *mellom målsetting og løysingar*. Det neste steget vert då å konkretisere løysingane for så å iverksette. Pilotprosjekta er då den konkrete løysingsmodell og strukturen som gruppa altså ser for seg.

Den vidare framdrifta vert då å finne det som ein i faget organisasjonsendringar kallar *endringsagentar*. Det er nøkkelpersonar som har tillit og påverknadskraft i det lokale arbeidet. Desse evnar å knytte menneske til seg og skapar positive maktbasar for endringar. Saman med tilsetttressursar kan ein sette i gang ei endring for ei ynskja framtid.

I endringar er *framtdsfortellinga* også viktig. Det at ein saman på staden rundt desse ressursentra prøver å skape ei framtdsfortelling som flest mogleg kjenner seg dratt mot og drøymmer om. Korleis ynskjer vi det er her om 5 år ? Kva har skjedd i mellomtida ? Kva nytt har kome til oss? Kva hindringar må vi rydda av vegen ? Ein skal ikkje undervurdere krafta i framtdsbiletet, visjonen. Den er med på å styre ressursar, bønene våre og den tenesta og tida vi legg ned.

Ein ting er sikkert; når ein set i gang med endringar vert det ikkje som før. Og forhåpentlegvis vil vi ikkje tilbake...

Over alt vil prosessgruppa understreke at vi er alle berre reiskap i Guds hand. Vi skal bruke våre kunnskapar, våre talent, natur og nådegåver. Og slik vi kjenner på det er det godt å vite at Han har lova å bruke det som ikkje er noko (1. Kor 1,27ff) Og som Paulus seier det; vi skal plante og vatne. Men Gud vil gi vokster. (1. Kor 3,27) Måtte evangeliet nå Sunnmørsbygdene og vekking og fornying nok ein gong finne stad i bedehusa.

Ny struktur og strategi



Innhold:

- 1. Bakgrunn for arbeidet**
- 2. Mandat**
- 3. Situasjonen no**
- 4. Formål med prosess**
- 5. Prosess**
- 6. Forslag til endring**
- 7. Moment i endringsprosessen**
- 8. Økonomi**
- 9. Eit betre vi**
- 10. Avslutning**

Bakgrunn for arbeidet

Saman med alle 10 kretsane i ImF har også vår krets, ImF-Sunnmøre valt ei gruppe til å jobbe med å gå i ein prosess for å vurdere å endre strukturane i vår organisasjon, spesielt med tanke på kretsar og sentral-ledd. Vedtaket som blei gjort på ImF sin generalforsamling i november 2019 har slik ordlyd:

1. Generalforsamlinga bed alle krinsar i ImF om å gå inn i ein forpliktande prosess saman med ImF sentralt, der ein dei neste tre åra kan arbeide saman for å finne fram til ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur for å nå lengst mogleg med vårt misjonsoppdrag.
2. Årsmøta i krinsane bør peike ut kvar si arbeidsgruppe med mandat og mynde til å gå saman i eit felles læringsfellesskap med minst to samlingar per år. Representantar for forsamlingar i krinsen (inkl. dei som er innmeldt direkte i ImF) skal inviterast til å vere med. Formålet med dette er å
 - a. skape ein mest mogleg felles forståing for korleis situasjonen er i dag
 - b. kartlegge behov og ressurser
 - c. arbeide fram konkrete tiltak for å styrke samhandling og betre utnyttinga av dei ressursane vi har i fellesskapet
3. Moment frå GF-samtalen skal vere ein del av grunnlaget for arbeidet.
4. Det bør hyrast inn kompetanse som har erfaring med å leie slike prosesser.
5. ImF og krinsane legg føringar for økonomien.
6. I tillegg til felles samlingar må ein ha god kommunikasjon med krinsårsmøta, og rådføre seg med forsamlingar og foreiningar i krinsane slik at endringar får eit godt fundament.
7. Generalforsamlinga bed styret arbeide aktivt for å styrke det åndelege leiarskapet i einingane våre, mellom anna ved å byggje kompetanse og tenlege ordningar for tilsynsteneste inn mot forsamlingar.

Mandat

I årsmøte til Imf Sunnmøre 2020 blei denne prosessen vedtatt og forankra i vår krets einstemmig. Her blei også ei arbeidsgruppe valt og gitt mandat til å jobbe fram eit forslag til vedtak på Imf si generalforsamling 2023.

Mellom anna som følge av koronaepidemien ble arbeidet kraftig hindra. Dette førte til at kretsleiarar/gruppeleiarar oppmoda styret i Imf til å utsette endeleg vedtak til GF 2025. Dette vedtok styret i Imf.

Noko som óg har gitt utfordringar med framdrift er skifte i leiinga i Imf, samt bytte av fasilitator for gruppene fleire gonger. Og i nokre av gruppene rundt i dei ulike kretsane har det vore store endringar undervegs.

Mandatet som årsmøtet gav gruppa i Imf Sunnmøre har denne ordlyden:
“Gruppen skal ha mandat og myndighet til å gå inn i prosessen på vegne av kretsårsmøte og kretsstyret. Foruten å møtes i læringsfelleskap sammen med andre kretser, har kretsgruppen møter mellom hver samling i læringsfelleskapet. Gruppen skal bestå av 4-8 personer.”

For vår del består gruppa no av 6 personar.

Dei er: krinsleiar Johan Halsne, admin.leiar ung avdeling Matias Mulelid, krinsformann/medlem i Skodje bedehusforsamling Sigurd Nybø, medlem av Langevåg IM Arnstein Rødset, nestleiar styret ImF Sunnmøre /nestleiar styret Vigra IM Odd Kåre Naalsund ,og sokneprest Jan Løkkeborg.

I utgangspunktet var gruppa samansett annleis, men av ulike årsakar har det vore utskiftingar i perioden.

Situasjonen no

Imf-Sunnmøre står bak eit stort og omfattande arbeid over store delar av Sunnmøre. Arbeidet spenner frå kvinneforeiningar, jarnvareforretning, kor og leirplassar til grunnskular, reiseselskap og gravferdsbyrå. Og endå mykje anna. Likevel er grunnfjellet av arbeidet knytt mot arbeidet som skjer på dei mange bedehusa og lokalforeiningane som er knytt til Imf-Sunnmøre. Det er der ressursane blir henta, både menneskelege og økonomiske. Misjonsfolket på Sunnmøre står bak.

Rundt om på Sunnmøre er det ulikt korleis det lokale arbeidet er løyst, og kor mange som er aktive og engasjerte på dei ulike bedehusa. Enkelte stader er det enkeltpersonar som fungerer som kontaktpersonar, andre stader er det fullverdige forsamlingar som tilbyr alt, eller det meste, ei lokal kyrkje skal tilby. Dei fleste stadane er det likevel mindre lokalforeiningar som utgjer arbeidet. Nokre med barne og ungdomsarbeid, andre med arbeid berre for vaksne. Nokre stader med faste søndagsmøter, andre med meir sporadiske møte og samlingar.

Somme stader er foreiningane framleis tett knytt til Den Norske kyrkja, andre stader har foreiningane meir distansert seg og satsar på å bygge opp eige arbeid, utan særlege band til DNK.

Vi ser også store forskjellar i alderssamansetning rundt om i bedehusa. I altfor mange bedehus er det ei aldrande forsamling. Ære vere dei! Mange stadar har vi menneske som eit heilt liv har lagt ned eit formidabelt arbeid for misjonen, både lokalt og sentralt. Ein fantastisk innsats. Likevel veit vi at tida går, og alderen innhentar oss alle. Ein naturleg del av livet er at vi orkar mindre når vi vert eldre. Difor er det så viktig at yngre krefter kjem og tek over arbeidet på bedehusa. Slik er det dessverre ikkje i altfor mange bedehus. Svært mange stadar har vi ei aldrande gruppe menneske som står på til det siste, men som ikkje har arvtakarar til arbeidet. Om det ikkje snur, vil arbeidet døy ut med dei som driv det.

Situasjonen er likevel ikkje berre negativ og heilsvart. Fleire stadar finn vi optimisme og vitale forsamlingar på bedehuset. Mange stadar har ein faste søndagsmøter, med store flokkar som samlast for å feire gudsteneste i lag. Ein god del av dei stadane har også gjerne eige opplegg for barna, anten Awana, søndagsskule eller anna opplegg, og dei har gjerne eige ungdomsopplegg som blir arrangert kvar veke.

Dette er svært gledeleg!

Prosessgruppa ser for seg at nokre av desse bedehusa kan utvikle seg til å bli kraftsenter som omkringliggjande bedehus kan ta del i, og få hjelp av. Dette kjem vi tilbake til seinare i teksten.

Formål med prosess

Grunnlaget for å i det heile starte denne prosessen finn vi i ImF sin strategiplan for 2013-2020. Her står det mellom anna ein form for visjon for framtida:

“Vi ser ei rørsle av unge og eldre som saman veks og modnast som Jesu disiplar, formar nye fellesskap og forsamlingar, og misjonerer i Norge ved å dele evangeliet i ord og praktisk kvardagsdiakoni. Vi ser tusenvis av familiar som frimodig deler trua på heimebane og når ut til barn og unge i sitt nærmiljø.”

For å betre kunne jobbe i samsvar med denne visjonen vart det erkjent at fokuset og strukturen i ImF burde endrast og byggast på nytt. Tilpasse til ei ny tid og eit anna type samfunn.

Som de vil sjå av vårt forslag litt seinare i teksten samsvarer vårt mål med ny struktur i Imf-Sunnmøre godt med visjonen i strategiplanen. Det handlar om å

bygge forsamlingar og fellesskap som utrustar kvardagsmenneska til å fungere som indremisjonærer i eige liv og lokalområde.

Prosess

Frå 2020-2022 jobba ein med tanke på at den endringa som skulle komme skulle vere lik for alle, og ende ut i ein av to modellar. Det var ein "Regionmodell", ikkje ulik den vi kjenner frå NLM i dag, eller ein nettverksmodell der kretskontor og kretsgrenser er borte. Nokre spelte og inn ein modell med "fornyng" innafor kjente kretsgrenser.

Hausten 2022 oppleve ein at prosessen mista framdrift og engasjement. Det er ulike årsaker til dette, men ein ganske innlysande faktor, er at vi støtte på utfordringar med korleis ImF er organisert. Med sjølvstendige lokale einingar, både på foreinings, forsamlings og kretsnivå, seier det seg sjølv at ein sentralt styrt prosess er krevjande, ikkje minst når ønsket var å komme fram til ei felles forståing for korleis organisasjonen skulle sjå ut i framtida.

På nyåret 2023 føretok vi ein ny start av heile prosessen under vignetten:

Meir Misjon

Fornya organisasjon

Et betre vi

Dette gav og dei ulike kretsar større fridom til val av modell, og forslag til endring i eigen krets.

Gjennom åra frå oppstarten har gruppa til ImF-Sunnmøre avdekt våre svakheiter og styrker knytt til arbeidet.

Det vi ser som våre styrker har vore:

- Bibel og bibeltillit
- Tydelege leiingar med utrustning, vågemot, gjennomføringskraft, evne til å skape begeistring og fekk folket med seg.

- ImF-Sunnmøre er i dag ein organisasjon som er eit utrykk for at folket har sett moglegheiter og satsa i rett tid.

Dei svakheitene vi har avdekka:

- Har satsa for breitt
- Manglar berekraft og fornying
- Manglande endringsvilje
- Manglande leiartrening

Status slik vi vurderer organisasjonen i dag er:

“ Vi er ein stor organisasjon, men ei lita rørsle. Det meste av ressursane går med til vedlikehald av eksisterande arbeid. Vi når ikkje vår samtid med evangeliet slik at dei vert frelst.”

I vårt forslag til endring av struktur er det element vi ikke må miste av syne i prosessen:

- Barne, -ungdoms og familiearbeid
- Bibelfokus og bibeltruskap
- Diakoni
- Medvandring/disippel og leiartrening
- Vi må nå dei ufrelste

Gruppa som har arbeida ut frå gitt mandat har hatt ein rytme med eigne samlingar på Sunnmøre, og to fellessamlingar med dei andre kringsgruppene kvart år. Vi har og invitert til møtepunkt mellom gruppa og dei ulike bedehus ved to anledningar gjennom perioden. På dei årsmøta som har vore gjennomført i perioden, har ein gitt orienteringar om prosessen og utsendingar har blitt invitert inn i gruppearbeid med fokus på prosessen.

Forslag til endring

Heilt frå oppstarten har Imf vore ein organisasjon og bevegelse som har hatt fokus på vekking og fornying. Svært mange menneske har fått møte Jesus, og

fått livet sitt radikalt endra, på grunn av arbeidet som Imf på eit eller anna nivå har stått bak. Også her på Sunnmøre har det vore store vekkingar gjennom fleire periodar dei siste 142 åra. Bygdene og tettstadane våre har vore sterkt påverka av brennande og frimodige kristne.

Dette arbeidet ønsker prosessgruppa å vidareføre. Likevel må vi erkjenne at dei siste ti-åra har kanskje ikkje Imf-Sunnmøre og bedehusbevegelsen hatt like stor påverknad på lokalsamfunna som ein hadde i tidlegare tider. Dette ønsker prosessgruppa om mogleg å endre.

Vi tenkjer at det er fornuftig og nødvendig å tilpasse forma på arbeidet slik at vi treff flest mogleg av dagens menneske. Det er lite hensiktsmessig å halde fram med arbeid som i liten grad treff dei det er meint å treffe, nemleg møtefremmande og ufrelste, men også ikkje minst menneske som allereie er kristne, men som kanskje i liten grad har engasjement og iver for å vere med og ta del i arbeidet som forgår på bedehuset.

Prosessgruppa ønsker at bedehusa rundt om i bygdene bør ha som fokus å utruste og istandsette kristne menneske i alle aldrar til å fungere som daglegdagse vitne for Jesus. Utruste medlemmar til å vere levande og frimodige kristne, som gjennom liv og ord vitnar om Jesus, og peikar på evangeliet. Både i kvardagen og i forsamlinga. Vi tenkjer at Jesu kjærleik må få skine gjennom våre liv, slik at dei vi møter i kvardagen blir nysgjerrige på den omsorga, kjærleiken og godskapen dei blir møtt med. Vi trur at det kan vere ein god måte å formidle Kristi kjærleik og evangelium til dagens menneske. Ikkje minst fordi det er slik Bibelen fleire stadar ber oss om å møte medmenneska våre.

Så erkjenner vi også at dette ikkje er noko vi som kristne kan få til på eiga hand, men noko som vi treng Guds hjelp til. Dette kan berre skje gjennom påverknad og hjelp av Den Heilage Ande.

Som vi ser over i dokumentet er stoda på dei ulike bedehusa svært ulike. Vi erkjenner at det ikkje er berre enkelt for eit bedehus med få menneske tilgjengelege å ha både ønska fokus, eller å ha ein fullverdig struktur i arbeidet sitt.

Difor legg prosessgruppa fram eit forslag til struktur der dei store får eit oppdrag og ansvar for å hjelpe dei som er færre. Altså at dei som har ressursar til det ikkje berre brukar det internt i eiga forsamling, men får ei oppmoding om å hjelpe til med å bygge opp eit arbeid og fokus i dei mindre bedehusa som

kanskje ikkje har så store ressursar. På den måten ser prosessgruppa for seg at ein på sikt kan håpe på at ein igjen kan snakke om at bygdene og tettstadane våre er sterkt påverka av frimodige og brennande kristne.

Gruppa vil legge frem følgande forslag til framtidig struktur for Imf Sunnmøre. I første omgang gjelder dette innfor eksisterande kretsgrenser, men er også ein modell som kan utvidast til å gjelde ein region.

Den modellen vi foreslår vil bli presentert både visuelt og i tekst.

Vi ser for oss ein modell som består av kraftsenter og satellittar. Sentralisert og desentralisert arbeid. Altså at ein bygger opp, eller utnyttar allereie eksisterande forsamlingar, der ein i stor grad har møte kvar søndag, og tilbod til alle aldersgrupper og livssituasjonar. Eit slikt kraftsenter bør altså ha eit fullverdig tilbod med det ein tenkjer ei lokal kyrkje skal ha. Gudsteneste, bibelgrupper, barnarbeid, ungdomsarbeid, dåp og konfirmasjon. Samt tilbod om gravferd.

I tillegg vil eit slikt kraftsenter kunne hjelpe til med å bygge opp eit meir desentralisert arbeid i omkringliggjande bedehus, som sjølv manglar ressursar. Det kan til dømes vere midtveke barnarbeid/ungdomsarbeid, bibelgrupper, einskilde møter i helgane og liknande. Målet må likevel vere at ein klarer å bygge opp arbeidet slik at det kan stå på egne bein med egne ressursar på sikt.

Vi ser for oss at eit slikt kraftsenter vil vere det naturlege samlingspunktet for dei kristne som høyrer til dei ulike bedehusa rundt om kraftsenteret. Altså at ein ikkje nødvendigvis tenkjer at ein må bu i den bygda eller på den staden som kraftsenteret ligg for å ta del der. Vi ser det slik at det kan vere naturleg å reise litt for å feire gudsteneste saman, og at ein fint kan ta del i ei gudsteneste ein stad, sjølv om ein kanskje opphavelig høyrer til, og har si teneste, ein annan stad. På den måten vil relasjonar mellom menneska og bygdene også byggast opp, og det kan kanskje føre til enklare overføring av ressursar mellom kraftsenter og satellittar.

Slik vi ser det kan dette bli ein vinn-vinn situasjon for alle. Dei som høyrer til i eit bedehus med lite ressursar og få møte får tilbod om å ta del og feire gudsteneste saman med mange andre kristne i sitt nærrområde, sjølv om det kanskje ikkje er heilt lokalt. Samtidig kan ein kanskje oppleve ei styrking av arbeidet på sitt lokale bedehus, ved hjelp av ressursar frå kraftsenteret.

Om ein etter kvart skulle oppleve at sjølv kraftsenteret blir lite og plassen blir trang er det kanskje på tide å bygge opp eit nytt kraftsenter? Finne det mest eigna bedehuset i nærområdet og bygge opp arbeidet der? Det kallast kyrkjeplanting, og er eit uttalt mål for ImF.

Prosessgruppa ser det som svært viktig at dei fleste bedehusa, men ikkje nødvendigvis alle, opprettheld ein del arbeid. Ikkje minst gjeld det barne og ungdomsarbeid. Vi tenkjer at det truleg finnast mange menneske rundt i bygdene som fint kan sende barna og ungdommane sine til sitt lokale bedehus, men at dei manglar insentiv til å køyre barna/ungdommane sine til nabobygda for å delta på bedehuset der. Difor er det viktig å oppretthalde også eit desentralisert arbeid så langt det er råd. På den måten tenkjer vi at vi treff fleire barn/ungdommar, og får dele evangeliet med dei. Ein bør ikkje falle for freistinga til å avslutte alt arbeid på eit bedehus, sjølv om stort sett alle medlemmane også går i kraftsenteret i ei anna bygd, og får dekt behova sine der. Ei bygd har behov for eit fungerande og levande bedehus.

Når det gjeld kretsleddet tenkjer vi at det ut frå dette er naturleg at ein i større grad må ha fokus på å hjelpe og utdanne lokale leiarar, og i endå større grad enn no må hjelpe dei lokale leiarane med å bygge opp sine forsamlingar. Ikkje minst vil dette gjelde kraftsentera, som vil få ein avgjerande rolle i å bygge opp haldningar om disippelskap og teneste i eigne forsamlingar, men også i dei satellittane som høyrer til hos dei.

Vi ser for oss eit tett samarbeid mellom kretsleddet og kraftsentera, med overføring av nødvendige ressursar i ein oppbyggingsfase. Etter kvart som kraftsentera står støtt på eigne bein, kan kretsleddet flytte fokuset til å bygge nye kraftsenter.

Ein del av oppbygginga av slike kraftsenter kan vere gjennom tilsette i kretsen.


I dette scenarioet ser vi for oss at kretsleddet må styrkast dersom både noverande og framtidig arbeid skal kunne oppretthaldast.

Vi tenkjer difor at kretsleddet må ha nok ressursar til å meistre denne store oppgåva. Det kan føre til at andre ting må vike. Ei nøyare vurdering av dette vil det vere naturleg for kretsstyret å arbeide grundig med, og framtidige årsmøte å ta stilling til.

Om ein skal gjennomføre dette er det heva over ein kvar tvil at kretsen står framfor ei stor oppgåve, og har stort behov for økonomiske midlar for å


gjennomføre oppgåva. Vi ber difor alle om å ha dette i tankane når ein fordeler innkome på bedehusa.

Reint konkret ser prosessgruppa for seg at ein til å begynne med startar opp eit kraftsenter i Haram, knytt til bedehuset i Brattvåg. I ein oppstartsperiode over nokre få år må ressursar tilførst for å hjelpe med oppstarten, finansiert i



samspel lokalt saman med kretsen. Vi ser for oss ein eigna person tilsett i ein stillingsprosent. Oppgåva til den tilsette blir å hjelpe dei lokale og frivillige med å gradvis starte opp og drifte nødvendig arbeid og utvikle struktur. Når den lokale forsamlinga er sterk og står på eigne bein kan den tilsette frå kretsen trekkjast ut, og forsamlinga ta over arbeidet sjølve. Anten ved frivillige eller tilsette sjølve.

På same måte ser vi for oss at ein etter kvart utvidar engasjementet til Søre-Sunnmøre, knytt til eit av bedehusa der. Same prosess, same fokus.




Når desse er oppe å gå for eiga hjelp er det på tide for dei å fungere som kraftsenter og hjelpe omkringliggjande bedehus slik det er skissert over.

Engasjementet til kretsen vil naturlegvis vere styrt av økonomi. Ein treng innkome for å kunne ha utgifter. Difor vil misjonsfolket vere viktige brikkar i dette.

I tillegg håper vi på at dei livssterke og vitale forsamlingane som vi allereie har kan for ein stor del med eigne ressursar klare å bygge seg opp til å vere kraftsenter og fungere som hjelp for bedehus i nærleiken av eigen lokasjon. Sjølv sagt vil kretsen stå til teneste og vere til hjelp også for desse, men vi ser for oss at dei store kan klare seg utan tilsette finansiert frå kretsen.

Kringskontoret vert *ressurscenter*. I bilete under ser ein kva ressurscenteret/kringskontoret sine hovudoppgåver vert fokusert rundt framover.



Moment i endringsprosessen

I alle endringar oppstår det dynamikk som vi anten kan sjå føre oss, eller forvente. Dette er viktig å vere merksame på når vi set i gang endringar. Alternativet er likevel *ikkje* å endre, for anten set vi aktivt i gang med endringar, eller så vil endringa uansett innhente oss. Ingen organisasjonar lever i ein konstant, endringar er uunngåeleg. Spørsmålet er om vi skal aktivt prøve endre organisasjonen til vårt beste, så langt det er mogleg. Følgjande moment skal vi vere bevisste på:

- Endrings – konteksten. Kva er samanhengen endringa skjer i ?
- Endringa sitt innhald og omfang. Kva grip endringa inn i av eksisterande arbeid ?
- Endringa sine drivkrefter. Kva er det som framskyndar og tilsei at det må endrast?
- Og så sjølve endringsprosessen – korleis skal den gå føre seg?

Mykje av dette har vi allereie drøfta. Det som synes klart og er utfordrande er at dei aller fleste er einig i at vi ikkje kan drive som før (Endringa sine drivkrefter = kriseforståing). Men krisen tolkast ulikt, det er ikkje ein objektiv vitskap. At det er kriseforståing betyr ikkje at alle har den same forståinga av kva som har skapt krisa, og kvar løysinga på dette ligg. Og i dette ser vi at det lanserast ulike løysningar og forslag til prosess framover. Frykten for endringane trur vi ligger mykje i ei førestilt tapsoppleving. Det vil ikkje bli som før....

Då kan det hende at vi må forklare at endringa ikkje handlar om et brot, men ei utvikling. Forsking på organisasjonsendringar stadfestar vel også det vi erfarer; at til større organisasjonen er, og til eldre den er, til vanskelegare er det å gjennomføre endringar.

- Endringsagentar.

Det er dei enkeltpersonane i et satsingsområde som har tillit og er villig til å vere med i en prosess. Må ikkje ha verv og sitte i styre. Men bør ha styret sitt tillit, må være maktbasar som vi ser har innflytelse.

Kvar finner vi de beste endringsagentane ? Kven tolkar og forstår krisa slik gruppa ser det ? Og ser moglegheiter i dei løysningane som er foreslått, og strategien som gruppa lanserer ? Dette blir ein av de første og viktigaste oppgåvene å jobbe med for dei 2 kraftsentera.

- Motstand.

Her bør vi vidare analysere motstanden mot endringar. Er det positiv eller negativ motstand vi møter? Positiv motstand handlar om konstruktive innspel og forbetringar som prosessgruppa ikkje har sett, eller har vore i blindsonen. Dette skal vi ta med oss og justere etter. Den negative motstanden er destruktiv og her handlar det om tap av energi dersom ein skal prøve å overbevise dei. Desse kan kanskje berre overbevisast dersom dei ser at vi lukkast...

Den negative motstanden finns blant personar i forsamlingane, og dei får vi respektere, men ikkje navigere etter.

- Ressursbruk og gevinst.

Mykje av suksessen bak endringar ligg i å sjå og forstå gevinsten av endringane. Vi bør tilby dei som er villige til å gjere endringar nokre godar ved tilførte ressursar. Det handlar som skissert over både om menneskelege ressursar som fagleg ekspertise/teologisk/erfaringsmessig kompetanse, og økonomiske ressursar.

- Valt strategi for framdrift.

I endringsleiing snakkar ein gjerne om to ytterpunkt for å kunne gjennomføre endringar. De to ytterpunkta har også to ulike syn i forståing av hensikta med endringane. Den eine strategien handlar om at sjølve endringa er ein læringsprosess. (Strategi O) Då er ikkje produktet det endelege målet. Den arbeidar meir gjennom en flatare struktur. Det samsvarer nok best med den organisasjonen som ImF er.

Den andre strategien handlar meir om toppstyrt leiing, der effektivitet og produktendring er målet. (Strategi E) Begge strategiane har sjølvsagt sine svakheiter. Ein observasjon kan vere at ImF har hatt lett for å ha en så flat struktur at all motstand ikkje blir møtt med fastheit, men med resignasjon. Sidan grasrota er så sterk, og strategien lett blir at «vi må ha alle med», så står vi i staden på staden kvil.

Vi trur faktisk at den situasjonen som ImF er i no, krev ei sterkare, men klok, leiing. Som har utgangspunkt i at dei endringane vi gjer har ein hovudtyngde mot at vi gjennomfører endringar vi vil lære av, og den er i samsvar med førstnemnde strategi; inkrementell og eksperimenterande.

Meir kunne vore sagt om dette, men her er fokus menneske, verdiar og deltaking. Det er det vi satsar på når vi ønsker og lengtar etter å sjå evangeliet nå lenger ut.

Proessen kan teiknast skjematisk slik:



Kvar er vi ?

Vi har brukt mykje tid på analyse. Her er mykje verdifull data. Vi er i ferd med å bevege oss mellom mål og løysning. Vårt neste steg vil bli å klargjere noko av dette for å sjå om vi kan komme vidare til ein iverksetting. Vil vi få gjennomslag for det prosessgruppa foreslår? Altså to kraftsenter som eit pilotprosjekt?

Alliansar/maktbasar og framtidfortellinga.

Når vi skal iverksette så handlar det om å bygge alliansar. Finne dei gode endringsagentane. Kven er dei? Kor mange treng vi for dei to ressursenterna, om det er der vi startar. 4 – 5 personar? Som igjen arbeidar vidare med å bygge nettverk rundt seg?

Det ligg mykje kraft i fortellinga, eller visjonen om ein vil. Kvar var vi? Kvar er vi no? Og kvar vil vi? Kva vil vi sjå om 2 år? Kva for endringar kunne det blitt spennande å sjå her på Sunnmøre? Samlar vi fleire saman enn kvar for oss? Har det skjedd noko på det åndelege planet? Kan vi seie at det er fleire brennande kristne? Osb...

Evaluering.

Det er viktig å jamleg evaluere og glede seg over små skritt. Kva som var *litt* betre enn sist. Det funkar også bra i det å kvalitetssikre og forbetre alt vi gjer. Og så må vi ikkje sjå desse endringane som noko midlertidig. Vi går ikkje tilbake til det som var! Set vi *først* i gang, så legg vi frå kai. Uansett om det ikkje blir som vi hadde tenkt, så blir det annleis!

I alt dette har vi veldig tru på at skal ein lukkast så handlar det om å investere i enkeltmenneske. Og at vi kjem ikkje lenger i endringsprosessen enn det vi har investert i dei enkelte personane som vi inviterer inn og utfordrar.

Økonomi

Ved ein endra struktur vil det og skje endringar knytt til økonomi mellom det lokale arbeid, krets og sentralledd. Slik det er i dag får ImF-Sunnmøre tilført midlar gjennom fast givarteneste, personlege gåver, fire årlege gåvebrev, kollekt frå møter og overføringar i ulik storleik og til ulike tider frå våre lokale einingar. Vi får og inntekter gjennom utbytte frå ulike verksamheiter vi er eigarar av, eller eig delar av. Ein stor inntekstpost er og frå brukt-butikken Brukt og nyttig på Valderøya.

Frå ImF Sunnmøre, og dei andre kretsane, fører vi kvart år over 15% av innsamla midlar til ImF sentralt.

Når det gjelder framtidig økonomi mellom det lokale arbeidet og krets trur vi det vil vere fornuftig å legge meir vekt på en kombinasjon av fast givarteneste og forpliktande avtalar mellom forsamlingar og kretskontor. Ein størst mogleg del av innsamla midlar bør gi «meir misjon.»

Korleis framtidig felles finansiering av sentralleddet skal vere har vi ikkje et svar på per no, men ein forpliktande modell som no er mogleg vis den einaste berekraftige og føreseielege vegen å gå.

Eit betre vi

Dette handlar aller mest om tette relasjonar både på krets-nivå og mellom kretsar og forbund. Ein må skape møtepunkt der ein utvekslar kunnskap om idear som kjem alle til hjelp.

I kretsen må det være hyppige møter mellom leiing på kretskontor og leiinga rundt i dei ulike forsamlingane. Og ikkje minst mellom leiinga i forsamlingane. Vi speler alle på same lag – vi bør kjenne kvarandre!

Avslutning

I vårt arbeid har vi ikkje gått inn i vurdering av dei ulike avdelingar som eksisterer under paraplyen til ImF-Sunnmøre i dag. Vi ser heller ikkje det som bestilling til oss i utgangspunktet. Vårt fokus har vore den strukturen som heile vårt arbeid er bygd opp omkring. Dersom vi skulle ha kome med forslag til endring på desse i dette dokumentet er vi redd det ville ha tatt heile fokuset. Vurderingar rundt desse må kome som neste trinn.

Gruppa sitt primære ønske i organisasjonsprosessen var en region-modell der krinsane Imf-Sunnmøre og Nordmøre og Romsdal Indremisjon blei til ein region. Eit stykke inn i prosessen vart dette uaktuelt. Den modellen vi no lanserer kan likevel enkelt utvidast i framtida til å gjelde eit område større enn dagens eksisterande kretsgrenser.